

Torgersen-saka må takast opp

Til trass for at det må framstå som klårt at domen mot Fredrik Fasting er eit justismord, har Gjenopptakingskommisjonen for straffesaker avslått å ta opp att saka både i 2006 og 2012. Det finst no ein underskriftskampanje på Internett der du kan stø kravet om gjenopptaking. Du finn hav via www.fampo.info/underskrift.html.

Det ligg føre solid dokumentasjon av lovbrott gjorte av norske styresmakter i saka. Ein kan særskilt nemna Ståle eskeland sin artikkel frå 2008, *Torgersen-saken: Gjenopptakelseskommisjonens sviaktende grunnlag for å avslå kravet om gjenopptakelse*, der Eskeland dokumenterer at kommisjonen gjorde grunnleggjande feil med omsyn til fakta i saka. Blant kommisjonsmedlemmane som var med på avgjerda, finn me tidlegare PST-sjef **Janne Kristiansen** og politidirektør **Øystein Mæland**.

Kor vitig det er at flest mogleg stø kravet om gjenopptaking, ser ein best ved å sjå på kva som går føre av korrupsjon og maktmisbruk generelt i det norske samfunnet. På www.rett Norge.no har Herman Berge avdekka at mange domarar ikkje har skrivi under på domarforsikring. Kort sagt går ei domarforsikring ut på at domaren lover å døma slik han kan forsvare etter lova og samvitet sitt. I ei sak avdekka Berge at Domstoladministrasjonen forfalska domarforsikringa; den datoen då ho vart sagt å vera komen til Domstoladministrasjonen, var ein heilt annan en den som stod i postjournalen.

Stadig fleire born vert tekne frå foreldra og plasserte i fosterheimar og institusjonar. I sak etter sak syner det seg at rettstryggleiken i barnevernssaker er fråverande (www.fampo.info/barnevern.html). Eit døme på det er Svanhild-saka. Som privat oppnemnd sakkunnig oppdaga Joar Tranøy at den offentleg oppnemnde sakkunnige hadde sitert fleire sentrale vitne feil. Dette vart ikkje nemnd av lagmannsretten, som med det braut norsk lov. På www.fampo.info/bv2.html har Fampo oppretta ei samling lekkjer til artiklar om tilhøva i norske barnevernsinstitusjonar. Sett i samanheng viser desse artiklane eit barnevern som tilbyd dårlegare omsut enn det dårlege foreldrar gjer.

Organisasjonen Fampo har sidan han vart skipa i 1997 teki opp tilhøve massemedia teier om. I år 2000 publiserte lokalavisa Bygdeposten fleire artiklar som bygde på dokumentasjon frå Fampo. Mellom anna handla artikkelen *Den siste sovjet-staten* om at påtalemakta kravde at Oddmar Remøy og Kåre Torvholm, baa med plettfritt rulleblad, skulle underleggjast mentalobservasjon. Kåre Torvholm (1941 – 2000) var sentral i arbeidet med å avdekka økonomisk kriminalitet i fiskerinæringa.

Redaktøren i Bygdeposten vart seinare oppsagd. I rapporten *Ytringsfrihetens pris i Det skjulte Noreg* dokumenterer Dag Hiåsen at rettsapparatet gjorde alvorlege lovbrott i saka som fylgde om usakleg oppseiing. I 2004 starta Erik Strand ein debatt om Bygdeposten-saka på Internett (sjå www.fampo.info/v.html). I debatten avslørte fleire politikarar seg sjølve.

Organisasjonssjefen i Venstre sette fram fleire påviselege løgner om Bygdeposten-saka og hevda at redaktøren i Bygdeposten hadde lati seg hjernevaska. I eit opi brev til Lars Sponheim bad Strand Sponheim om å ta avstand frå løgnene som vart sette fram. Venstres generalsekretær Terje Breivik (frå 2012 nestleiar) svarte på det opne brevet med eit god dag mann økseskaft-svar.

Fampo – Folkeaksjonen mot maktmisbruk, politistat og overgrepsskulturr - 3355 Solumsmoen
Internet: <http://www.fampo.info> E-post: fampo@hotmail.com